



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 04.10.2018 kl. 15:15-17:30

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Halldis Rørvik	Medlem
Harriett Norstrand	Medlem
Terje Mork	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem
Egil Helge Tjønneland	Varamedlem
Eva Iren Landøy	Varamedlem
Arne Martin Tjugum	Varamedlem

Forfall:

Leif Jørgen Leknes	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Else Stølen	Medlem

Møtande frå administrasjonen og andre møtande:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
Reidar Andreas Knapstad	Varamedlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2018/17		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2018/18		Godkjenning av protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 12.06.2018	RUNE ZIENER
SR 2018/19		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER

FR 2018/20		Budsjett 2019 - økonomiplan 2020-2022	RUNE ZIENER
SR 2018/21		Møteplanar 2018	RUNE ZIENER
SR 2018/22		Komplettert offerliste 2. halvår 2018	RUNE ZIENER
SR 2018/23		Val av leiar og nestleiar i Askvoll sokneråd	RUNE ZIENER
FR 2018/24		Tariffrevisjonen pr. 01.05.2018 - Uravstemming	RUNE ZIENER

Askvoll, 04.10.2018

Rune Ziener
referent

SR 2018/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen slik dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen slik dei ligg føre.

SR 2018/18 Godkjenning av protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 12.06.2018

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 12.06.2018.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 12.06.2018.

SR 2018/19 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram og ein hadde desse drøftingane:

- M 2018/18 Drøfting om kyrkjelydsarbeidet. Får vi færre kontaktpunkt i lokalkyrkja? Kva med trusopplæringa i Askvoll? Prosten deltek i samtalen.
- M 2018/19 Kyrkjegardsvedlikehaldet sommaren 2018
- M 2018/20 Tilstandsrapport - Holmedal kyrkje
- M 2018/21 Kyrkjevalet 2019
- M 2018/22 Referat Askvoll kyrkjelydsutval 06.11.2018
- M 2018/23 Inspirasjonssamling i Knarvik 17. november
- M 2018/24 Møte om høyring – ny kyrkjeordning i Bergen 26. november
- M 2018/25 Rullestoltilkomst Holmedal kyrkje
- M 2018/26 Lys på gravplassane i Kvammen
- M 2018/27 Trusopplæringstilskot 2. termin (trekk)
- M 2018/28 Grunn ved Vilnes kyrkje. Eigedomsforhold
- M 2018/29 Messehaklar til Askvoll kyrkje

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med følgjande presiseringar:
 - til M 2018/20: *Ugreiing om lyssetting ved alle gravplassar i soknet vert lagt fram for soknerådet i seinare møte.*
 - til M 2018/25: *Etablering av rullestoltilkomst til Holmedal kyrkje vert flytta fram i tid, og teke som del av prosjektet med rehabilitering av Holmedal kyrkje. Dette vert innarbeidd i budsjettjustering for 2018, og flytta i seinare økonomiplanvedtak.*

FR 2018/20 Budsjett 2019 - økonomiplan 2020-2022

UTGREIING

Kyrkjelege fellesråd og sokneråd skal etter økonomiforskriftene § 3, kvart år vedta ein rullerande økonomiplan for dei neste fire åra. Planen skal gi eit realistisk oversyn over

- forventa inntekter og utgifter i perioden
- prioriterte oppgåver i perioden

Planen skal gi grunnlag for fastsetjinga av storleiken på kommunale drifts- og investeringstilskot. Det er sett frist til **8. oktober** for innmelding av behov til Askvoll kommune.

I budsjetttrundskriv frå kommunen er det førebels lagt inn ei driftsløyving for 2019 på kr 3,639 millionar (som er ei vidareføring frå 2018-tilskotet, men med innlagt lønnsvekst kr 92.000, altså total rammeløyving kr 3.731 millionar).

Kommunestyret sitt gjeldande budsjett-/økonomiplanvedtak (frå 2017) har slike investeringstilskot i kommande planperiode:

Investeringar	(2018)	2019	2020	2021	2022
Totalløyving	(2 420)	1 780	300	1500	-

DEL 1: Investeringar Askvoll sokn – økonomiplan 2018-2021

Økonomiplanforslaget for 2019-2022 er ei vidareføring av førre plan, men det er på bakgrunn av ein utført tilstandsrapport på Holmedal kyrkje denne sommaren, teke inn eit nytt, større rehabiliteringsprosjekt på Holmedal kyrkje. Tilstandsrapporten konkluderer med at det bør gjerast dels omfattande rehabiliteringsarbeid på bygget, og tilrår at det vert sett av kr 7,242 millionar pluss MVA til Holmedal kyrkje innanfor ein 5-årsperiode.

Som følgje av dette nye investeringsbehovet er prosjektet med rehabilitering av kyrkjetaket på Askvoll kyrkje skyvd eitt år ut i forslaget samanlikna med gjeldande plan.

Totalbehov (tal i 1000 kr)	2019	2020	2021	2022
	<u>1842</u>	<u>300</u>	<u>7180</u>	<u>1500</u>
Fordelt på:				
Driftsbygning Askvoll kyrkjegard	1080			
Orgel Askvoll kyrkje	700			
(NY) Rehabilitering Holmedal kyrkje (strakstiltak)	62			
Automatisk ringeanlegg Askvoll kyrkje		200		
Forprosjekt kyrkjetak Askvoll kyrkje		100		
(NY) Rehabilitering Holmedal kyrkje			7180	
Kyrkjetak Askvoll kyrkje				1500

2019:

Askvoll kyrkjegard – Ny driftsbygning

I samband med prosjektering av utviding av Askvoll kyrkjegard er det planlagt ei ny driftsavdeling på nytt gravplassareal. På driftsavdelinga er det og planlagt driftsbygning med garasje og lagringsplass for diverse driftsmateriell. I tillegg er det planlagt santitærdel og pauserom for å gi tilfredsstillande arbeidsforhold for dei tilsette på gravplassen. Det ligg ikkje føre endeleg kostnadsrekning på prosjektet.

Finansieringsbehov:

Kr 1,08 mill (100% kommunal finansiering)

Konsekvens ved manglande løyving:

Askvoll kyrkjegard vil ikkje framstå som funksjonell m.o.t. driftsforhold sett opp mot dagens forventa standard, og ein kan få unødig slitasje på maskinar etc. ved utandørs lagring.

Askvoll kyrkje - restaurasjon kyrkjeorgel

Kyrkjeorgelet i Askvoll kyrkje er 110 år gammalt og er i 2014 vurdert av orgelbygger. I tilstandsvurderinga vert det sagt at orgelet er av slik handverksmessig kvalitet at det er verdt å ta vare på. Tilstanden generelt er sagt å være «relativt ok», men vert vidare vurdert å vere «begrenset brukbart». Det er trong for diverse reparasjonar for å få orgelet funksjonelt, men det er tilrådd ei større restaurering. Ein har fått tilbod både på reparasjon (utbetring av dagens feil) og ei full restaurering med driftsgaranti for 10 år, som gir eit driftssikkert orgel for framtida.

Summane i oppsettet samanlikna med tilbodet frå 2014 er oppjusterte med kr 125.000,- (tilsvarande auken i gåvefondet til føremålet), då ein må pårekne både prisvekst og truleg noko forverra teknisk tilstand på orgelet den tida som har gått.

Finansieringsbehov:

Kr 700.000,-. I tillegg kjem kr 217.000,- i eigenfinansiering.

Konsekvens ved manglande løyving:

Ikkje funksjonell orgelløysing.

2020:

Askvoll kyrkje – installere automatisk ringeanlegg

I kyrkjene i soknet er det berre Kvammen kapell som har automatisk ringing. Det bør vere automatisk ringing i kyrkja i kommunesenteret, der det er flest arrangement. Eit anlegg (inkludert automatisk lukeopning) kostar omkring 190.000,-. Elektrikararbeid kjem i tillegg.

Finansieringsbehov:

Kr 200.000,- (100% kommunal finansiering).

2019/2021:

(NY) Holmedal kyrkje, rehabilitering

KA har i 2018 sett i gong eit prosjekt for å utvikle eit tilstandsanalyseverktøy, og Holmedal kyrkje var ei av tolv kyrkjer i landet som fekk tilbod om å få utarbeidd ein tilstandsrapport som del av dette arbeidet. Tilstandsrapporten viser at kyrkjebygget er i langt dårlegare stand enn ein tidlegare har kjent til, både som følgje av vedlikehaldsetterslep og setningssskadar.

Det er tilrådd at ein innan 5 år gjer ei rekkje utbetringar på bygget, der dei største enkeltpostane er:

- omlegging av taksifer og bygging av nytt undertak
- utskifting av trepanel
- rehabilitering av samtlege vindu, dører, luke, skodder
- utbetre fuktskader i trevirke i klokketårn og bærebjelker med råte
- montere takrenner og nedløp

Rapporten seier at det må til to strakstiltak (innan eit år):

- sikring av trapp/stige til klokketårn
- nærare kontroll av bæresystem i klokketårn

Entreprisekostnaden er kalkulert til kr 5,71 millionar, men rapporten seier at ein bør ha eit påslag på kr 1,56 millionar på denne summen til uforutsett, prosjektadm., rigg og drift, forsikringar, m.m.

Finansieringsbehov:

Kr 7,242 millionar (100% kommunal finansiering)

Konsekvens ved manglande løyving:

Utsett restaurering fører til forverring av bygningstilstand og fordyra prosjekt. Fare for nedfall frå tak. Ikkje tilfredsstillande persontryggleik.

2020/2022:

Askvoll kyrkje - restaurasjon kyrkjetak

Under rehabiliteringsarbeidene på kyrkja i 2013/2014 vart det avdekka skadar og slitasje på det hellelagte kyrkjetaket. Taket er undersøkt av byggfagleg kompetanse, og det er tilrådd at ein innafor ein tiårsperiode føretek restaureringsarbeid med sikring, evt. utskifting av takstein. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna. I kommunal økonomiplan er det lagt inn at ein nyttar kr 100.000,- i 2020 til eit forprosjekt. I dette oppsettet er restaurasjonsarbeidet lagt inn på nytt til realisering i 2021.

Finansieringsbehov:

Kr 1,6 mill (100% kommunal finansiering)

Konsekvens ved manglande løyving:

Om taket ikkje vert restaurert vil det vere fare for at takstein løsnar, og ein står i fare for at det kan oppstå lekkasjeskadar i takkonstruksjonen.

DEL 2: Drift

Driftsbudsjettet har eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansiert og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gåver/innsamla midlar).

I forslaget nedanfor ligg det ein reduksjon i VU-planen med kr 47.700,- samanlikna med førre VU-plan.

Anna vare- og tenestekjøp er vidareført med same kronebeløp som i 2018, noko som inneber ein realnedgang.

Det er kyrkjeval i 2019, og det er enno ikkje kjent om ein (som tidlegare) vil få direktetilskot frå Kyrkjerådet for å gjennomføre valet. Ei tilskotsordning er likevel lagt til grunn i forslaget.

I planforslaget er det lagt opp vidareføring av dei to hovudsatsingane frå tidlegare, der ein:

- *Opprettheld 20% auka stillingsdel for å arbeide med oppdatering av gravregister*
- *Opprettheld om lag kr 100.000,- til ekstra vedlikehaldsinnsats på gravplassane*

Det er vidare ikkje teke omsyn til eventuelle endra behov i driftstilskot i planperioden.

Kyrkjelydsarbeid

Når det gjeld den separate økonomien til kyrkjelydsarbeid (som har annan finansiering enn kommunalt driftstilskot, då primært statleg trusopplæringstilskot, kyrkjeofringar, gåver og eigenbetalingar) er det forutsett at det vert sett opp budsjett for 2019 i balanse.

1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING

1.1.0 Utgifter

1.1.1 Lønn og sosiale utgifter

Her er lagt opp til uendra bemanningsnivå frå 2018.

Samla budsjettert utgift lønn og sosiale utgifter for 2019 er kr 2.749.700,-. Her er forventa effekt av tariffoppgjøret 2018 og stipulat av tariffrevisjonen 2019 lagt inn. Auken frå opphavleg budsjett frå 2018 er kr 60.000,-.

1.1.2 Kjøp av varer og tenester

Relativt faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, kurs, forbruksmateriell m.v. utgjer i forslaget kr 964.000,-, som er vidareføring frå justert budsjett 2017 og 2018 (og utgjer såleis ein realnedgang).

Inkludert i denne summer er lagt inn kr 83.000,- til vedlikehaldsavtale for plenvedlikehald på gravplassane.

Det er føreslege brukt kr 97.300,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2019 som er ein reduksjon med kr 47.700,- frå opprinnelig VU-plan 2018.

Her er bare lagt inn forslag om to tiltak, og det ligg pr. i dag ikkje føre val av løysing og heller

ikkje noko kostnadsanslag. Meir presise tal her, vil ein måtte komme tilbake til i endeleg budsjettvedtak.

Totalt til vare og- tenestekjøp, kr 1.061.300,- (ned kr 47.000,- frå opphavleg budsjett 2018).

VU-plan 2019

Tiltak	Stip. utgift
Vatningsløysing Gjelsvik	25.000
Vatningsløysing Vågane	25.000
Uføresett vedlikehald	47.300
<u>Totalt</u>	<u>97.300</u>

1.1.3 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 13.000,- til eigenkapitalinnskot.
 - Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 45.000,-.
 - Refusjonar for leige av bedehuskapella med kr 60.000,-.
- Totalt kr 118.000,-

1.1.4 Kyrkjevalet 2019

Det skal haldast kyrkjeval i 2019. Utgifter knytt til valet vil komme i fleire av utgiftstypene over.

Det er pr. i dag ikkje kjent om ein vil få tilskot til gjennomføring av valet frå Kyrkjerådet, slik ein har fått ved tidlegare kyrkjeval. Direktetilskotet til soknet utgjorde om lag kr 40.000,- ved førre val, så denne summen er vidareført til 2019-budsjettet.

Om ein ikkje får tilskot til dette valet, må ein ta kostnaden innan eksisterande ramme.

1.2.0 Inntekter

1.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornyng. Det er registrert ca. 90 festeutløp i 2018, med tilbod om fornyng frå 2019, og ein legg til grunn 80% fornyngsgrad. Arbeidet arbeidet med å reetablere eldre avtalar held fram. Stipulert tal nye/gjenopptekne festeavtalar for 2019 er i forslaget sett til ca. 40 stk.

Samla stipulat for festeavgift i 2018 vert sett til kr 84.000,-

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 8.000,-.

Vidare er det stipulert kr 3.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total inntekt er sett til kr 95.000,-.

1.2.2 Refusjonar og overføringar

Intern overføring av trusopplæringsmidlar for 10% ressursbruk av sekretærstillinga.

Kr 58.000,-.

1.2.3 Rammetilskot eigen kommune

Her er lagt inn tilskotssum som ligg i kommunens sitt budsjettsskriv (2019-2021), kr 3.731.000,-

1.2.4 Andre tilskot og gåver

Stipulert kr 45.000,- i gåver og offerinntekter til kyrkjene.

I tillegg er lagt inn kr 40.000,- i mogleg tilskot frå Kyrkjerådet til gjennomføring av kyrkjevalet.

Samla tilskot og gåver: kr 85.000,-

Hovudoppsett forvaltning (kap 04100-04300)	
<i>Utgifter:</i>	
Lønn og sosiale utgifter	2 749 700
Vare og tenestekjøp	964 000
VU-plan	97 300
Refusjonar og overføringar	118 000
Kyrkjevalet utgifter	40 000
Sum utgift	3 969 000
<i>Inntekter:</i>	
Brukarbetaling, sal og avgifter	-95 000
Refusjonar og overføringar	-58 000
Rammetilskot eigen kommune	-3 731 000
Andre tilskot og gåver	-85 000
Sum inntekt	-3 969 000
Differanse	0

2 Hovudskapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil primært verte finansierast ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringsstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

I planforslaget vert forutsett at ein budsjetterer desse tenestene i balanse som tidlegare, utan kommunale driftstilskot.

Endeleg tal for den enkelte teneste vil verte utarbeidd i samband med endeleg budsjettvedtak for 2019.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettforslag 2019 og økonomiplan 2020-2022 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja, og ber såleis om eit investeringstiskot på kr 1,842 millionar og eit driftstilskot på kr 3,731 millionar for 2019.
2. Ein ber om kontaktmøte med politisk og administrativ leiing i samband med budsjettprosessen for 2019.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettforslag 2019 og økonomiplan 2020-2022 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja, og ber såleis om eit investeringstiskot på kr 1,842 millionar og eit driftstilskot på kr 3,731 millionar for 2019.
2. Ein ber om kontaktmøte med politisk og administrativ leiing i samband med budsjettprosessen for 2019.

SR 2018/21 Møteplanar 2018

UTGREIING

Ein bør ha ein møteplan Askvoll sokneråd for resten av hausten og januar 2019.

Forslag til følgjande datoar (med aktuelle saker i parentes):

Torsdag 8. november (vurdering leiarlønn).

Tysdag 4. desember (oppnemning av nominasjonskomité til kyrkjevalet, høyring om ny kyrkjeordning, med frist 15. desember, offerliste 1. halvår 2019).

Torsdag 11. januar (endeleg budsjettvedtak for 2019, evt. vedtak i samband med kyrkjevalet).

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplanen slik den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplanen slik den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

SR 2018/22 Komplettert offerliste 2. halvår 2018

UTGREIING

Komplette gudstenesteliste for 2. halvår 2018 er lagt fram, og oversendt kyrkjelydsutvala for utarbeiding av forslag til offerlister. Inkomne forslag er ført inn i lista nedanfor. Resterande forslag vil verte lagt fram i soknerådsmøtet.

Kirke	Dato	Tid	Liturgi	Offerformål
Askvoll kyrkje	07.10.2018	11:00	Gudsteneste med nattverd	Kyrkjelydsarbeid
Askvoll kyrkje	28.10.2018	11:00	Gudsteneste med nattverd	Det Norske Misjonsselskap
Askvoll kyrkje	18.11.2018	19:00	Gudsteneste med nattverd	Institutt for sjelesorg. Modum Bad
Askvoll kyrkje	02.12.2018	18:00	Gudsteneste med nattverd	Norsk Luthersk Misjonssamband
Askvoll kyrkje	24.12.2018	16:00	Høgtidsgudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Askvoll kyrkje	31.12.2018	16:00	Gudsteneste utan nattverd	Ikkje offer
Bulandet kapell	21.10.2018	16:00	Gudsteneste med nattverd	Kirkens Bymisjon (TV-aksjonen)
Bulandet kapell	25.11.2018	11:00	Gudsteneste med nattverd	Den Indre Sjømannsmisjon
Bulandet kapell	25.12.2018	12:00	Høgtidsgudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	14.10.2018	11:00	Gudsteneste med nattverd	
Holmedal kyrkje	04.11.2018	11:00	Gudsteneste med nattverd	
Holmedal kyrkje	09.12.2018	15:00	Gudsteneste med nattverd	
Holmedal kyrkje	24.12.2018	14:00	Høgtidsgudsteneste	
Holmedal kyrkje	01.01.2019	17:00	Gudsteneste med nattverd	
Kvammen kapell	14.10.2018	19:00	Gudsteneste med nattverd	Norsk Luthersk Misjonssamband
Kvammen kapell	11.11.2018	11:00	Gudsteneste med nattverd	Kvammen kapell
Kvammen kapell	24.12.2018	16:00	Høgtidsgudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Vilnes kyrkje	28.10.2018	17:00	Gudsteneste med nattverd	Det Norske Bibelselskap
Vilnes kyrkje	18.11.2018	17:00	Gudsteneste med nattverd	Vilnes kyrkje
Vilnes kyrkje	02.12.2018	15:00	Gudsteneste med nattverd	Førde Rotaryklubb. Zuzulandprosjektet (reint vatn)
Vilnes kyrkje	24.12.2018	12:00	Høgtidsgudsteneste	Kirkens Nødhjelp

Offerformål med feit skrift er vedteke tidlegare, sjå sak SR 2018/16

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek komplettert offerliste for andre halvår 2018 som det går fram av forslaget, samt dei forslaga som er lagt fram i møtet.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek komplettert offerliste for andre halvår 2018 som det går fram av forslaget, samt dei forslaga som er lagt fram i møtet.
2. Kyrkjelydsutvalet i Holmedal får fullmakt til å vedta offerformål for gudstenestene i Holmedal kyrkje for 2. halvår 2018.

SR 2018/23 Val av leiar og nestleiar i Askvoll sokneråd

UTGREIING

Etter *Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet* § 1-3, skal det vere val av leiar og nestleiar for soknerådet kvart år.

Valet går føre seg skriftleg.

Den som har vore leiar eitt år, kan unnslå seg val påfølgjande år.

Valperioden strekker seg frå 1. november til 31. oktober.

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

Forslag sett fram i møtet om attval av Jostein Gryte som leiar og Wenche Ness Gabrielsen som nestleiar.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Jostein Gryte vart valt som leiar og Wenche Ness Gabrielsen vart valt som nestleiar.

FR 2018/24 Tariffrevisjonen pr. 01.05.2018 - Uravstemming

UTGREIING

Hausten 2018 er tarifforhandlingane for tariffrevisjonen pr. 01.05.2018 for KA-sektoren ferdige, etter at det vart brot i forhandlingane i slutten av juni. Partane møttest til mekling 18. september, og vart samde om tilrådde forslag til ny hovudtariffavtale.

Forhandlingsresultatet går no til uravstemming hos medlemmene med svarfrist 18. oktober kl. 12.00. Hovudpunka i avtalen og endringar frå førre hovudtariffavtale går fram av vedlagde KA-rundskriv 05/2018.

KA sitt styre tilrår medlemmene om å stemme "ja" ved uravstemminga.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd stemmer "ja" ved uravstemminga.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd stemmer "ja" ved uravstemminga.